

Jarle Rønnestad
Nesbakken 40
5114 TERTNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3824 - 22/54468

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no


Dato:
16.09.2022

Svar på krav om endring av bygningstype i matrikkelen/søknad om bruksendring - gbnr 351/38 Landsvik

Alver kommune viser til sin søknad om endring av bygningstype i matrikkelen/søknad om bruksendring fra fritidsbustad til bustad på gbnr 351/38 Landsvik. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

Det går fram av kommunen sitt arkiv at fritidsbustaden på eideomen vart godkjend oppført i 2008. Bygget er registrert som fritidsbustad og kode 161 i matrikkelen, og har adresse Lyngnesvegen 22.

Å endra bruken av bygget frå fritidsbustad til bustad krev søknad og løyve etter plan- og bygningslova. Søknad må sendast inn av ansvarleg føretak, eventuelt kan du søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar. Du må ved innsending av søknad gjera greie for tilkomst, vassforsyning og avløpsløysing. Det vil t.d. vera nødvendig å søkja om utvida bruk av avkjørsla frå offentleg veg. Gjeldande tekniske krav til byggverk skal oppfyllast, eller det må søkjast om fråvik/dispensasjon.



Eideomen ligg i område som er avsett til byggeområde for fritidsbustadar i kommunedelplanen for Meland. Det betyr at endring av bruk til bustadføremål vil vera i strid med arealføremålet. Det vil derfor vera nødvendig å søkja om dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen og det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan som gjeld for byggeområda i planen.

Vi viser elles til informasjon om bruksendring på kommunen sine heimesider. Sjå her: [Alver kommune - Endre bruken av ein bygning eller eit rom?](#)

Dersom du har behov for ytterlegare rettleiing må du be om førehandskonferanse. Skjema for det finn du her: [Alver kommune - Førehandskonferanse](#). Vi gjer merksam på at førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste.

Din førespurnad om endring av bygningsopplysningar/bruksendring vert med dette avslutta. Ny søknad i tråd med lovverket sine krav må sendast inn.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jarle Rønnestad

Nesbakken 40

5114 TERTNES